

Til fylkesordføraren  
Hordaland fylkeskommune

## **INTERPELLASJON TIL HORDALAND FYLKESTING 2.-3.OKTOBER 2017.**

### **ETTER SYKKEL-VM.**

Sykkel-VM i Bergen er over. Det er på tide med ei grundig evaluering av arrangementet, både av alle positive og negative sider.

Her bør alle som har støtta arrangementet, inkludert fylkeskommunen bli involvert.

Spørsmål 1: Korleis vil fylkesordføraren og administrasjonen involvere fylkespolitikarane og tilsette i ei slik evaluering?

Hordaland fylkeskommune har støtta arrangementet både økonomisk og med menneskelege ressursar.

Spørsmål 2: Kva er den totale støtten, økonomisk, personalmessig og på andre måtar frå fylkeskommunen til sykkel-VM 2017?

Spørsmål 3: Kor mykje har andre offentlege instansar – Bergen kommune (eventuelt andre kommunar), staten og andre – gitt i økonomisk og annan form for støtte til no?

Etter sykkel-VM har det kome fram at det kan bli eit underskot etter arrangementet og at det kan vere fare for at Norsk Sykkelforbund kan gå konkurs.

Spørsmål 4: Kan det vere aktuelt for Hordaland fylkeskommune å gå inn med ytterlegare midlar for å dekkje eit eventuelt underskot?

Under sykkel-VM var deler av Bergen sentrum bilfri, og mange fleire nytta sykkel som framkomstmiddel i Bergen sentrum. Bergen by har tidlegare hatt dårlige resultat i vurderingar som sykkelsby i Norge og Norden, m.a. frå Syklistenes Landsforbund.

Spørsmål 5: Vil fylkesordføraren etter sykkel-VM ta eit raskt politisk initiativ ovafor fylkestinget, Bergen bystyre og det nye Stortinget for å få på plass ei storsatsing for å gjere Bergen til ein framtidssettet sykkelsby heile året?

Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant for Raudt i Hordaland)

